



Teknisk forvaltning - Radøy kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/17 - 15/2902

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
12.03.2015

Landbrukssak Gbnr 14/2 Soltveit - rubbhall -Uttale

Viser til dykkar brev dagsett 05.01.2015 med forespunad om uttale på søknad om rubbhall på gnr 14 bnr 2. Landbrukskontoret vil her gjere greie for om bygging av rubbhall er i tråd med LNF-formålet og om saka skal handsamast etter jordlova §9.

Eigedommen nyttast i dag til juletreproduksjon. Juletreproduksjon er ein del av skogbruket og er såleis i tråd med LNF-foremålet. Forholdet som skal vurderast i denne saka er om rubbhall på 160m² er naudsynt for å drive med juletreproduksjon.

I drifta av ein juletreplantasje krevst det noko utstyr og behovet varierer med type drift og storleik. Etter undersøkelser i fagmiljøet har landbrukskontoret funne at ein kan vere tjent med å leggje drift av plantasje tett på driftsenter for å få ein landbruksfageleg effektiv drift, men dette er opp til kvar enkelt bonde å avgjere. Saka er uvanleg då det i si tid vart solgt ein skogsteig utan driftsenter for bruk til juletreproduksjon som eit fritt omsetjelig objekt og ikkje som tilleggsjord til gardene i området. Dette åleine kan ikkje gje grunnlag for bygging i LNF-området i utmark.

Ved juletreproduksjon er det noko naudsynt utstyr, men dette kan oppbevarast på andre einingar enn skogsteigen, og ved hogst av juletre er det ikkje krav om tak for å kunne hauste og transportere gode tre. Etter forstleg skjønn er det ikkje i tråd med LNF-foremålet å byggje ein rubbhall på gbnr. 14/2.

Saka vil ikkje verte vurdert etter Jordlova § 9.

Med helsing

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Teknisk forvaltning - Radøy
kommune